

Sosiolingvistisk språkbruksnivå og normforestillingsnivå

Av Gunnstein Akselberg

I dette heftet av *Målbryting* er temaet sosiolingvistisk språkbruksnivå og sosiolingvistisk normforestillingsnivå. Med *språkbruksnivå* er meint problemstillingar knytte til språklege data og språklege realiseringar. Med språkleg *normforestillingsnivå* er her meint tolking, oppfatningar, opplevingar og haldningar som vi har av og til språk og språkbruk.

Randi Solheim studerer språk og språkhaldningar i Høyanger og viser korleis eit lokalt særtilfelle vert realisert innom rammene for eit vestnorsk dialektlandskap og innom det allmennorske språklege klimaet.

Agnete Nesse presenterer ei for dialektologane og sosiolingvistane heller ny datakjelde: NRK sine regionale radio-arkiv. Desse kjeldene gjev mellom anna ein ny innfallsvinkel til studium av relasjonen standardtalemål – dialekt.

Etnolektbruk i Nord-Noreg er temaet i artikkelen til Aud-Kirsti Pedersen, og ho problematiserer tilhøvet mellom kodeveksling, kodeval og kodetvang.

Kari Gjerdevik studer korleis den ulike forståinga av dialekt og dialektbruk i Noreg og på Island avspeglar motsetningar og makttilhøve innom dei to landa.

Christine Bjerkan Østbø studerer bruken av negasjonen *ikkje* i skandinaviske dialektar. Distribusjonen er svært variert, og ho prøver å forklara den varierte distribusjonen.

Redusert realisering av skarre-*r* i Grimstad er temaet til Bjørg M. Nyjordet, eit fenomen Nyjordet set i samanheng med ein utbreidd bruk av retrofleksar hjå ungdomen.

Elin Gunleifsen reflekterer over bruken og nytten av den kvalitative forskingssamtalen i sosiolingvistiske granskningar.

Til slutt stiller Gunnstein Akselberg spørsmål ved bruken av og potensialet til dei vertikale og horisontale dimensjonane i hierarkitrekkanten i tolkinga av talemålsendringar i Noreg i dag.